



## Møteprotokoll for Hovudutval for plan, landbruk og teknisk

**Møtedato:** 10.04.2019

**Møtested:** Kommunestyresalen

**Møtetid:** 09.00

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Leif Gunnar Taule	SP	Nestleiar
Morgan Taule	AP	Medlem
Dag Sætre	SP	Medlem
May Britt Vågenes Gjerde	SP	Medlem
Roy Bø	FRP	Medlem

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle
Christel Villanger Håland	H	Utvalsleiar
Jannicke Helland	AP	Medlem

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Erstatter medlem
Edgar Grindheim	AP	Jannicke Helland - AP
Henning Haugland	H	Christel Villanger Håland - H

---

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Rådmann Jarle Landås, kommunalsjef Lisbeth Alvær, fungerande leiar teknisk forvaltning Silje Haukedal, leiar teknisk drift Einar Færø i sak 014, møtesekretær Arthur Kleiveland

Utvalsleiar Christel Villanger Håland meldte forfall til møtet, og i hennar stad var nestleiar Leif Taule møteleiar.

Utvalet hadde synfaring i sakene 015/016 og 022.

---

## Saksliste

Saksnr	Tittel
013/2019	Delegerte saker
014/2019	Meldingar og referatsaker
015/2019	Byggesak Gbnr 64/19 Haugstad - naust - søknad om endring - dispensasjon
016/2019	Byggesak Gbnr 64/20 Haugstad - naust - søknad om endring og dispensasjon
017/2019	Byggesak Gbnr 102/2 Valdersnes - kai, flytebrygge, tilkomst, parkering og bod - klagesak
018/2019	Byggesak Gbnr 45/1/111 Manger - Søknad om dispensasjon og løyve til riving av eksisterande og oppføring av nye omsorgsbustader
019/2019	Byggesak Gbnr 19/19 Risnes - naust - klage
020/2019	Byggesak Rv. 565 Tolleshaug - Soltveit - Dispensasjon frå rekkefølgjekrav i reguleringsplan
021/2019	Byggesak Gbnr 17/1 Rossnes - kjørbar gangsti
022/2019	Delingssak gbnr 84/1 og 3 Haukeland søndre - oppretting av ny grunneigedom for eksisterande bustad og omlegging av veg - klagesak
023/2019	Delingssak Gbnr 21/3 og 15 Sylta indre - arealoverføring- dispensasjon og løyve til deling
024/2019	Plansak 12602017001000 - Planendring - Kvalheimneset fritidsbustad og serviceområde - framlegg til 2 gong offentleghøyring og ettersyn
025/2019	Plansak Toska hyttefelt 12602018000800 - Mindre endring - Gnr 48 Bnr 7,101 m.fl.
026/2019	Plansak PlanID 12602019000200 – Mindre planendring - Veg Marås-Soltveit - Godkjenning

## 013/2019: Delegerte saker

### Behandling:

Dag Sætre (SP) stilte spørsmål knytt til delegert sak 031/2019 - gnr 66/1 Brattetaule. Fungerande leiar teknisk forvaltning svara på status for Brattetaule gård, som tidlegare har vore handsama i hovudutvalet.

Hovudutvalet tok delegerte saker til orientering.

### Vedtak:

Delegerte saker vert tekne til orientering.

---

## 014/2019: Meldingar og referatsaker

### Behandling:

Leif Taule (SP) ba i e-post i forkant av møtet om at følgjande sak/tema vart tatt opp under Meldingar/orientering i hovudutvalet:

- Valdersnesvegen - drenering grøft m.v.
- Vassleidning til Halland/Sævdal - søknad om overtaking og kommunen sitt svar + orientering
- Status og framdrift for Handlingsplanen i trafikksikringsplanen
- Status og framdrift for Handlingsplan VA-tiltak i 2019
- Orientering om eventuell framdrift i sak vedk. Bressvika og andre aktuelle saker
- vegutbetringa Dale-Nøtlevåg
- gåseplan for Radøy, jf. referata frå underutval og landbruksråd
- Orientering/mogleg løysing for mogleg framføring av kommunalt vatn til Nøtlevåg.

Opprydding Haugstad: Under synfaring på Haugstad registrerte hovudutvalet seg fleire tiltak i området som ikkje er søkt om. Henning Haugland (H) meiner det vil vera fornuftig å gje grunneigarane i området mulegheit til å rydda opp i forholda gjennom ein felles reguleringsplan. Hovudutvalet sluttar seg til dette innspelet, og ønskjer å gje signal om dette. Utvalet ber om at dei aktuelle grunneiegarane i området vert tilskrivne.

Valdernesnesvegen - vatn og avløp: Leiar teknisk forvaltning orienterte om utfordringane som grunneigar har presentert for kommunen. Det vart i svaret sagt at kommunen ikkje kan blanda seg inn i rettstvisten som vedkomande har med naboen. Leif Taule (SP) sa at han er opptatt av at kommunen har følgt opp sitt ansvar når det gjeld avløp og veg, og at dette vert gjeve skriftleg tilbakemelding på.

VA-planen - status og framdrift: Leiar teknisk drift, Einar Færø, orienterte om status og framdrift for tiltak i handlingsdelen i VA-planen. Arbeidet med prosjektet Austmarka-Storsandvik går mot slutten. Same kveld som møtet i hovudutvalet blir det halde grunneigarmøte for strekninga Vetås-Storheim. Leif Taule (SP) viste til vedtak i KS-sak 047/2018, der kommunestyret ba om at det i 2019 vert sett igang eit utgreiingsarbeid (moglege traséar og kostnadsoverslag) for å få vurdert korleis ein kan få framføring av kommunalt vatn til ein del bygder som ikkje har kommunal vassforsyning. Dette arbeidet har ikkje administrasjonen hatt kapasitet til å gå igang med. Taule minnar om at arbeidet må

setjast igang.

Det er kome søknad om kommunal overtaking av privat vassleidning til Halland/Sævdal. Leiar teknisk drift viser til VA-norma om storleik på leidning for at kommunal overtaking skal kunne gjennomførast. Dette er eit regelverk som alle kommunane i Hordaland nyttar. Taule skisserte ei mogleg løysing, og ber administrasjonen leggja fram kostnadsvurdering for dette. Han ønskjer å få dette prosjektet inn i planen i samband ny revidering.

Leiar teknisk drift informerte om at arbeidet med å skifta ut leidningsnett med asbest i Manger-området. Restarbeidet skal utførast i år.

Reinseanlegg Manger: Leiar teknisk drift opplyste at arbeidet med reinseanlegget på Manger-kaien vert lagt ut på anbod 15. mai.

Status Bressvika: Fungerande leiar teknisk forvaltning orienterte om status knytt til ferdigattest for bustadfeltet. Kommunane har nyleg hatt møte med tiltakshavar om å finna vegen vidare. Kommunen opprettheld kravet om ferdigattest, medan tiltakshavar vil ikkje godta krav om fortau. Han hevdar dette ikkje er eit ledd i godkjend reguleringsplan.

Tiltakshavar har fått ein frist på to månader på sokja om ferdigattest.

Trafikksikringsplanen - status og framdrift: Leiar teknisk drift orienterte om tiltak ved Sæbø barnehage, som er ute på anbod med frist for å levera tilbod 23. april.

Han orienterte også om tiltak langs veg ned mot ungdomsskulen. Den delen av turvegen som går langs veg mot ungdomsskulen, skal skiljast frå kjørevegen, og vil fungera som eit fortau. Vegen til ungdomsskulen skal asfalterast og det skal leggast ned to fartshumper.

Leiar teknisk drift opplyste også at det er søkt om fylkeskommunale trafikksikringsmidlar til sikring av veg inn til Sævdal. Prosjektet omfattar også to veglys.

Han informerte om planar for fortetting av veglys over Solend. Kommunen har hatt eit møte med BKK, og leiar teknisk drift konkluderer med at dette blir eit kostbart tiltak.

Leif Taule (SP) peika også på behov for nedsett fartsgrense forbi Austmarka. Særleg etter at det kom butikk her, har trafikken auka betydeleg. Han ser dette som så trafikkfarleg forhold at kommunen - i samarbeid med lensmannen i Nordhordland må sokja om 60-sone heile døgnet, ikkje berre mellom 07-17.00 om kvardagane.

Utbygging Mangersnes: Dag Sætre (SP) spurde om status for planen om bustadbygging i Mangersneset. Fungerande leiar teknisk forvaltning svara at tiltakshavar har bede om eit møte med kommunen.

Dale-Nøtlevåg: Leiar teknisk drift opplyste at det er sett av 1 mill. kroner til utbetring av dette vegprosjektet. Han peikar på at det er nødvendig med masseutskifting på ein del av strekninga. Det vert jobba med korleis ein skal få mest mogleg ut av løvvde midlar. Leif Taule (SP) meiner at denne vegen må oppgraderast og få ein standard som kan halda seg i mange år. Han viste til at vegen også er viktig for å kunne driva verksamd i Nøtlevågen. Dersom det viser seg at løvvinga av midlar er for liten, meiner Taule administrasjonen må koma med ei sak til politisk om dette.

Naust til nedfalls: Henning Haugland (H) tok opp spørsmål om eksisterande naust i LNF-området kan få ny status ved å bli lagt inn i revisjon av kommuneplan. Han viste til at det er mange naust til nedfalls.

Leiar teknisk forvaltning svara at arealdelen i kommuneplanen ikkje er tema i denne revisjonen.

Gåseplan: Administrasjonen opplyste at gåseplanen først skal gjennom ein ny runde i Underutvalet for vilt og innlandsfiske, før planen kjem til handsaming i hovudutvalet.

Hovudutvalet tok meldingar og referatsaker til orientering, med dei tillegg som vart sett fram i møtet.

**Vedtak:**

Meldingar og referatsaker vert tekne til orientering, med dei tillegg som vart sett fram i møtet.

---

**015/2019: Byggesak Gbnr 64/19 Haugstad - naust - søknad om endring - dispensasjon**

**Behandling:**

Hovudutvalet var på synfaring.

Det vart frå fleire representantar peika på at det vil medføra presedens i andre saker dersom utvalet gir dispensasjon i denne saka. Særleg reagerer utvalet på ei felles kaiflate på ca 90 kvm i det aktuelle området.

Det vart vist til at naust ikkje er bygt i samsvar med søknad.

Hovudutvalet vedtok rådmannen sitt framlegg til vedtak.

**Vedtak:**

Med heimel i plan- og bygningslova 19-2 jf. pbl. §§ 1-8 og 11-6 vert det avslått søknad om dispensasjon til etablering av kaifront, flytebryggje som søkt om.

Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova § 19-2 jf. pbl. § 11-6 .

---

**016/2019: Byggesak Gbnr 64/20 Haugstad - naust - søknad om endring og dispensasjon**

**Behandling:**

Hovudutvalet var på synfaring.

Det vart frå fleire representantar peika på at det vil medføra presedens i andre saker dersom utvalet gir dispensasjon i denne saka. Særleg reagerer utvalet på ei felles kaiflate på ca 90 kvm i det aktuelle området.

Hovudutvalet vedtok rådmannen sitt framlegg til vedtak.

**Vedtak:**

Med heimel i plan- og bygningslova 19-2 jf. pbl. §§ 1-8 og 11-6 vert det avslått søknad om dispensasjon til etablering av kaifront som søkt om.

Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova § 19-2 jf. pbl. § 11-6 .

---

017/2019: Byggesak Gbnr 102/2 Valdersnes - kai, flytebrygge, tilkomst, parkering og bod - klagesak

**Behandling:**

Leif Taule (SP) ønskjer følgjande innspel i behandlingsdelen i protokollen:  
Hovudutvalet oppmodar tiltakshavar til å laga reguleringsplan både for dette området og for området på andre sida av vågen, jf. merknad i fylkesmannen sitt klagreskriv.

Utvalet slutta seg til denne oppmodinga.

Hovudutvalet vedtok rådmannen sitt framlegg til vedtak.

**Vedtak:**

Hovudutval for plan, landbruk og teknisk tek klagen til følge og omgjer vedtaket av 05.12.2018, sak 080/2018, til at søknad om veg og parkering blir avslått.

Det blir vist til saksutgreiinga og vurderinga over som grunnlag for vedtaket.  
Saka blir sendt tiltakshavar til klagevurdering.

---

018/2019: Byggesak Gbnr 45/1/111 Manger - Søknad om dispensasjon og løyve til riving av eksisterande og oppføring av nye omsorgsbustader

**Behandling:**

Hovudutvalet uttrykte glede over at dei gamle trygdebustadane blir rivne og at det skal byggast fem nye omsorgsbustader på same tomta.

Fleire representantar peika på at nybygget, som omfattar fem leiligheter og vaktrom, har fått eit moderne uttrykk. Dag Sætre (SP) meiner arkitekturen ikkje passar inn i den tradisjonelle byggeskikken. Han meiner det kan vera ein god ide å presentera førsteutkast til nye kommunale bygg for politikarane, slik at dei kan få gitt sine signal før prosessen er kome for langt.

Rådmann Jarle Landås peika på at takutforminga gjer utforminga av bygget litt utradisjonelt, noko som er gjort for at bygningsmassen ikkje skal bli for stor og dominerande.

Rådmannen sa at leilegheitene skal byggast i løpet av året.

Hovudutvalet vedtok rådmannen sitt framlegg til vedtak.

**Vedtak:**

Hovudutval for plan, landbruk og teknisk gir med heimel i plan- og bygningslova (pbl) § 19-2 og 12-4 og 11-6, dispensasjon fra gjeldande arealplanar for oppføring av nye omsorgsbustader på gbnr 45/1/111 i samsvar med dispensasjonssøknad journalført 04.01.2019, supplert 22.03.2019. Vedtaket omfattar alle naudsynte dispensasjonar for gjennomføring av tiltaket slik det er skildra gjennom saksutgreiing og vurdering ovanfor. Grunngjevinga for dispensasjonsvedtaket går fram av saksutgreiing og vurdering ovanfor. Dispensasjonen fell vekk etter tre år dersom den ikkje er nytta, jf pbl § 21-9.

Vidare gir Hovudutval for plan, landbruk og teknisk med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf § 21-4, rammeløyve til riving av eksisterande bygg og oppføring av nye omsorgsbustader på gbnr 45/1/111 i samsvar med søknad om løyve til tiltak journalført motteke 04.01.2019, supplert sist 25.03.2019.

Før igangsettingsløyve blir gitt må det dokumenterast løyve frå Arbeidstilsynet.

Ansvarsrettar gjeld i samsvar med innsendte erklæringar, jf vurderinga ovanfor. Ansvarleg søker skal samordne dei ansvarleg prosjekterande, utførande og kontrollerande, og sjå til at alle oppgåver er belagt med ansvar, jf pbl § 23-4, andre ledd.

Dei opplysningar om byggetiltak og tiltakshavar som kjem fram i søknaden blir registrert i matrikkelen. Dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år etter at løyve er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld dersom tiltaket blir innstilt i meir enn to år, jf pbl § 21-9. Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, med mindre noko anna går fram av vurderinga over.

---

#### 019/2019: Byggesak Gbnr 19/19 Risnes - naust - klage

Behandling:

Hovudutvalet vedtok rådmannen sitt framlegg til vedtak.

Vedtak:

Hovudutval for plan, landbruk og teknisk finn at klagen ikkje inneheld ny grunngjeving eller nye opplysningar som tilseier at vedtaket av 13.08.2019, sak 007/2019, blir endra. Klagen blir difor ikkje tatt til følgje.

Det blir vist til saksutgreiinga og vurderinga over som grunnlag for vedtaket.  
Saka blir sendt Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd

---

#### 020/2019: Byggesak Rv. 565 Tolleshaug - Soltveit - Dispensasjon frå rekkefølgjekrav i reguleringsplan

## Behandling:

May Britt V. Gjerde (SP) har som grunneigar levert merknad knytt til vegprosjektet. Hovudutvalet erklærte ho av den grunn ugild i saka, og ho deltok ikkje i handsaminga. Johnny Ystebø (SP) var kalla inn som varamedlem og han tok Gjerde sin plass under handsaminga.

I hovudutvalet vart det gitt uttrykk for misnøye med dei fartsdempande tiltak som Statens vegvesen vil setja inn på eksisterande fylkesveg over Sletta. Medlemar i utvalet opplyste at dei har fått ei rekke telefonar frå folk på Sletta som har reagert negativt på omfanget av fartshumpar som det blir lagt opp til på denne vegen.

Møteleiar Leif Taule (SP) peika på at det ikkje er nokon veg utanom å gje Statens vegvesen nødvendige disposisjonar dersom kommunen vil ha ny veg på Radøy - fv 565. Han sa at det store fleirtalet på Sletta vil ha ny veg for å få dagens trafikk vekk for husdørene sine.

### Etter ei drøfting var det semje i utvalet om å koma med følgjande oppmoding til Statens vegvesen:

- Hovudutvalet for plan, landbruk og teknisk registrerer stor motstand frå dei som bur langs eksisterande fylkesveg over omfanget av fartshumpar. Statens vegvesen blir difor beden om å gjennomføra ein analyse over trafikksikringssituasjonen og trafikkmengde på eksisterande veg når ny veg er tatt i bruk. Utvalet ber om ei grundig vurdering av alternativ måte for fartsreduserande tiltak, t.d. ved bruk av skilt. Det er hovudutvalet sitt klare syn at omfanget av fartshumpar må ned.

### Det vart sett fram følgjande felles endringsframlegg i møtet:

Det skal gjennomførast trafikksikringstiltak som skissert.

Tal fartshumpar frå Nesbø til Gjerde skal reduserast dersom Statens vegvesen finn trafikktryggleiken tilstrekkeleg ivaretatt etter ei analyse av trafikksituasjonen.

Hovudutvalet vedtok rådmannen sitt framlegg til vedtak med 5 mot 2 røyster (Dag Sætre (SP), Roy Bø (FRP)).

## Vedtak:

Hovudutval for plan, landbruk og teknisk gir med heimel i plan- og bygningslova (tbl) § 19-2 og 12-4, dispensasjon frå rekkjefølgjekravet i § 2.9 i planføresegna til reguleringsplan for Fv. 565 Marås – Soltveit. Dispensasjonen gjeld utbygging vegen i samsvar med opplysningane gitt av Statens vegvesen i søknad datert 09.01.2019, på følgjande vilkår;

Det skal gjennomførast trafikksikringstiltak som skissert.

Tal fartshumpar frå Nesbø til Gjerde skal reduserast dersom Statens vegvesen finn trafikktryggleiken tilstrekkeleg ivaretatt etter ein analyse av trafikksituasjonen.

Grunngjevinga for dispensasjonsvedtaket går fram av saksutgreiing og vurdering ovanfor.

Dispensasjonen fell vekk etter tre år dersom den ikkje er nytta, jftbl § 21-9.

Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, med mindre noko anna går fram av vurderinga over.

---

## 021/2019: Byggesak Gbnr 17/1 Rossnes - kjørbar gangsti

### Behandling:

Hovudutvalet vedtok rådmannen sitt framlegg til vedtak.

### Vedtak:

Hovudutval for plan, landbruk og teknisk gir med heimel i plan- og bygningslova (tbl) § 19-2 og 12-4, dispensasjon frå byggjeforbodet i strandsona, arealformålet jordbruk/skogbruk i reguleringsplanen for Rossnes, samt frå regulert trasé for gangsti i same plan. Dispensasjonen gjeld rett til oppgradering av eksisterande traktorveg på gbnr 17/1 til køyrbar gangsti i samsvar med dispensasjonssøknad jurnalført motteke 17.01.2019 på følgjande vilkår:

- Tiltaket skal gjennomførast som vist i søknad om tiltak motteke 17.08.2018, utan større terrenginngrep
- Det skal ikkje inngå dyrka eller dyrkbar mark i traséen
- Traséen skal ha tilsådd senterlinje

Grunngjevinga for dispensasjonsvedtaket går fram av saksutgreiing og vurdering ovanfor. Dispensasjonen fell vekk etter tre år dersom den ikkje er nytta, jf tbl § 21-9.

Vidare gir Hovudutval for plan, landbruk og teknisk med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf § 21-4, løyve til oppgradering av eksisterande traktorveg på gbnr 17/1 til køyrbar gangsti i samsvar med søknad om løyve til tiltak motteke 17.08.2017 og vilkår i dispensasjonsvedtaket ovanfor. Ansvar i saka gjeld i samsvar med innsendte erklaeringar og gjennomføringsplan.

Dei opplysningsar om byggetiltak og tiltakshavar som kjem fram i søknaden blir registrert i matrikkelen. Dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år etter at løyve er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld dersom tiltaket blir innstilt i meir enn to år, jf tbl § 21-9. Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, med mindre noko anna går fram av vurderinga over.

---

## 022/2019: Delingssak gbnr 84/1 og 3 Haukeland søndre - oppretting av ny grunneigedom for eksisterande bustad og omlegging av veg - klagesak

### Behandling:

Hovudutvalet var på synfaring.

Hovudutvalet vil oppretthalda sitt vedtak møte i februar 2019, og tar ikkje klagen frå Fylkesmannen i Vestland til følgje.

Møteleiar Leif Taule (SP) sette fram følgjande innspel under behandlingsdelen i protokollen:  
Hovudutvalet vil også understreka og støtta seg til dei landbruksfaglege vurderingane som er gjort av landbrukssjefen i handsaminga etter jordlova.

Når det gjeld forholdet til plan- og bygningslova, vil hovudutvalet peika på at det ikkje er mogleg å

fanga opp alle behov som måtte oppstå gjennom kommunale arealplanar. Det vil difor alltid oppstå ein del saker som må finna ei fornuftig løysing gjennom dispensasjoner.

Hovudutvalet legg stor vekt på at busetnaden på bygdene i Radøy ikkje bør svekkast, og det må difor finnast løysingar innan lovverket for at yngre generasjonar kan få flytta attende til bygdene i Radøy gjennom overtaking av bustadhus, eventuelt gardar, og slik bli eigar av sin eigen bustad når infrastruktur og omsynet til landbruket elles ligg til rette for det.

Hovudutvalet ber innstendig om at Fylkesmannen trekkjer attende klagen i saka.

Hovudutvalet vedtok rådmannen sitt framlegg til vedtak.

#### Vedtak:

Klaga vert ikkje teke til følgje og vedtak i sak 012/2019 vert sendt Fylkesmannen for endeleg avgjerd.

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga.

Heimel for vedtaket er forvalningslova § 33, jf. plan- og bygningslova §§ 26-1 og 19-2.

Klagen vert sendt Fylkesmannen i Vestland for endeleg avgjerd ved setjefylkesmann.

---

023/2019: Delingssak Gbnr 21/3 og 15 Sylta indre - arealoverføring- dispensasjon og løyve til deling

#### Behandling:

Edgar Grindheim (AP) er part i saka, og vart erklært inhabil. Han deltok ikkje i handsaminga av saka.

Hovudutvalet vedtok rådmannen sitt framlegg til vedtak.

#### Vedtak:

Det vert gjeve dispensasjon og løyve til arealoverføring i samsvar med søknad motteken 03.01.2019.

Grunngjevinga for dispensasjonsvedtaket går fram av saksutgreiing og vurdering ovanfor.

Dispensasjonen fell vekk etter tre år dersom den ikkje er nytta, jf pbl § 21-9.

Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova (pbl.) §§ 19-2, 11-6, 20-1 m, naturmangfaldslova §§ 8-12, samt matrikkellova §33

---

024/2019: Plansak 12602017001000 - Planendring - Kvalheimneset fritidsbustad og serviceområde - framlegg til 2 gong offentleghøyring og ettersyn

#### Behandling:

Hovudutvalet vedtok rådmannen sitt framlegg til vedtak.

**Vedtak:**

Hovudutval for plan, landbruk og teknisk i Radøy kommune vedtek at revidert framlegg til planendring for Kvalheimsneset fritidsbustad og serviceområde – PlanID 12602017000100 vert lagt ut til 2 gong offentleg høyring og ettersyn.

Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova § 12-10 og § 12-14

---

025/2019: Plansak Toska hyttefelt 12602018000800 - Mindre endring - Gnr 48 Bnr 7,101 m.fl.

**Behandling:**

Hovudutvalet vedtok rådmannen sitt framlegg til vedtak.

**Vedtak:**

Hovudutval for plan, landbruk og teknisk godkjenner mindre planendring for Toska hytte og bustadfelt Gnr 43 Bnr 7,101 m.fl. -PlanID 12602018000800 , med plankart datert 03.10.18 og føresegner revidert 02.11.2018.

Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova §12-14.

---

026/2019: Plansak PlanID 12602019000200 – Mindre planendring - Veg Marås-Soltveit - Godkjenning

**Behandling:**

Hovudutvalet vedtok rådmannen sitt framlegg til vedtak med 6 mot 1 røyst (Roy Bø, FRP).

**Vedtak:**

Hovudutval for plan, landbruk og teknisk i Radøy kommune godkjenner mindre endring Marås-Soltveit, PlanID 12602019000200 for detaljreguleringsplan RV 565 Marås – Soltveit ,PlanID 12602006000800, slik planendringa er beskrive i vedlagt plandokument/brev datert 14.03.2019

Endringa gjeld for plankart 9 og 10 i gjeldande plan.

Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova § 12-14.

